# i Informasjon

**Eksamen i EXPHIL03 våren 2019 – sjølvstudiumsvarianten**

Tysdag 7. mai- kl. 09.00-13.00 (4 timer)

**Ingen hjelpemiddel er tilletne. Du skal svare på både oppgåve 1 og oppgåve 2.**

Tips og triks:

- Du treng ikkje tenke på å lagre det du skriv. Inspera autolagrar kvart 15. sekund og kvar gong du byter frå ein del av oppgåva til ein annan.
- Du kan velje målform øvst i høgre hjørne.
- Øvst til venstre ser du kor mykje tid det er att på eksamen.
- Du kan auke storleiken på skrivevinduet ved å trykke på ikonet med fire piler over vindauget.

# 1 Oppgave 1

Anten:

**I Kjensler og fornuft hos Hume og Kant**

a) Gjer greie for omgrepa inntrykk og idear hjå Hume og knytt desse til følelse og fornuft. Forklar kva for rolle kjenslenes bifall og fordømming spelar i hans moralfilosofi. Drøft på bakgrunn av dette Humes påstand om at fornufta ikkje kan avgjere om ei gitt handling er dydig eller lastefull.

b) Kva for rolle har fornufta i Kants etikk? Kom i samanheng med dette inn på det sentrale prinsippet etikken hans kviler på og på den rolla vilja spelar i moralfilosofien hans.

Eller:

**II Kunnskap om den ytre verda hos Hume og Descartes**

a) Gjer greie for Descartes' voksdøme. Kvifor seier Descartes at vi ikkje erkjenner voksstykket med sansane, men gjennom «andas innsyn»?

b) Gjer greie for Humes biljardkuledøme. Kvifor seier Hume at vi ikkje kan slå fast at det finst nokre nødvendige samanhengar mellom hendingar i den ytre verda?

**Skriv svaret ditt her...**

Format B I U x₂ x² Ω Σ

Words: 0

Maks poeng: 0

2

# Oppgave 2

Anten:

**I Absolutisme**

a) I diskusjonen sin av etisk relativisme innfører Fred Feldman omgrepet absolutisme. Kva legg han i dette, og kva bruk gjer han av dette omgrepet?

b) Diskuter og ta stilling til om det er rimeleg å kalle dei følgjande etiske retningane for absolutistiske:

1. utilitarismen
2. deontologien
3. konvensjonalismen

Eller:

**II Dydsetikk**

a) Kva er dydsetikk?

b) Rosalind Hursthouse skriv i sitt forsvar for dydsetikken at ein god etisk teori bør, som dydsetikken, ha syn på kva som er verd å streve etter og kva som verkeleg betyr noko i livet til eit menneske. Forklar kva ho meiner, og drøft om dette er ein treffande kritikk av alternative etiske teoriar som utilitarismen og deontologien.

**Skriv svaret ditt her...**

Format

Words: 0

Maks poeng: 0